

## Til kommunedirektører/rådmenn og beredskapskontakter i kommunane

Kopi til: Postmottak i kommunane

Her kjem òg presentasjonane som vart nytta av NVE og KDS Sogn og Fjordane i møtet og skjema som vi ønskjer de skal nytte til innrapporteringa. Beklagar mange utsendingar.

Med vennleg helsing  
Statsforvaltaren

---

Takk for deltaking på møte om straumrasjonering førre veke.

Vedlagt ligg ei oppsummering av møtet og ei presisering av den vidare prosessen om å skaffe oversyn over prioriterte sluttbrukarar ved ei eventuell rasjonering. Vi legg og ved presentasjonen som NVE hadde i møtet.

Oppsummeringa vår er gjort i samråd med dei to KDSane, og er såleis å sjå på som ei felles tilråding frå Statsforvaltaren og kraftforsyninga om vidare oppfølging i Vestland.

### Innsamling av oversyn over prioriterte brukarar

Vi ber om at alle kommunane, ved hjelp av skjemaet som ligg ved, sender eit oversyn over prioriterte brukarar m.m **innan fredag 14. oktober**. Vi ber om at de sender det til [mari.severinsen@statsforvalteren.no](mailto:mari.severinsen@statsforvalteren.no).

For presiseringar av oppdraget sjå vedlagt brev.

Vi ønskjer å samle eit oversyn for heile fylket, og ber difor om at kommunar som allereie har sendt inn lister til sine nettselskap om å legge den informasjonen inn i det vedlagde skjemaet og sende det inn innan fristen.

Med vennleg helsing  
Statsforvaltaren